

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn - Oppføring av bygg nær den Trondhjemske postvei - gnr. 106, bnr. 11 - Fanebust - Alver kommune

Vi viser til brev av 21.04.2021 med ovannemnde sak til fråsegn og vår e-post sendt 19.05.21 der me ber om utsett frist for vårt fråsegn. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Den 28.05.21 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring på staden. Sigmund Bødal ved seksjon for infrastruktur og veg i Vestland fylkeskommune, Tine Eikehaug ved Statens vegvesen, tiltakshavar Harald J. Hansen og Tor Egil Hansen deltok også.

Kulturminnet

Vegfar som strekk seg tilbake til førhistorisk tid (bronsealder/jernalder/mellomalder) er ofte vidareutvikla til postveg på eit seinare tidspunkt. Før 1600-talet var det få køyrbare vegar i Norge. Vegfara var stiar og tråkk som blei brukt når folk gjekk eller reiste med hest. Vegen utvikla seg vidare frå å vere tråkk til «Tjodvegar», med ein viss minimumsbredde. Vegfar og vedlikehald av desse er omtalt i fleire skriftlege kjelder frå før 1537, blant anna Magnus Lagabøtes landslov frå 1274.

Vegfaret langs Fanebust er nemnd i forundersøkinga til postvegen «Beskrivelse over den Sikreste og mest bequemme Post Tour mellom Molde og Bergen» frå 1775. Om Fonebust er det her beskrive «*Fra Fanebust til Lindaas Prestegaard ¼ Miil, findes Vejen i God Stand*». Noko som betyr at postvegen mest sannsynleg er etablert over eit eldre vegfar. Vegen frå Fonebustsjøen til Lindås er også ein gamal kyrkjeveg for folk som budde kring Fensfjorden og har nok vore i bruk som det sidan mellomalderen.

Omsøkte tiltak

Tiltaket gjeld oppføring av reiskapsbygg innanfor omsynssona til den Trondhjemske postvei. I kommuneplanen sin arealdel er følgjande føresegn knytt til omsynssona under § 4.2.4, a):

«Heile det historiske veganlegget Den Trondhjemske postvei innanfor område H570 skal bevarast, dvs. vegbane og vegbreidde. Tiltak som kan gjere skade på postvegen, endra vegen sin karakter eller som utilbørleg skjemmer kulturminnet er ikkje tillat med mindre det ligg føre løyve frå Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen».

I saker som gjeld postvegen er vår praksis at nye tiltak bør etablerast utanfor omsynssona, spesielt gjeld dette der den opprinnelege postvegen er intakt. På synfaringa vart ulike løysingar diskutert, og det vart semje om at bygget skal plasserast utanfor omsynssona.

Konklusjon

Omsøkte reiskapsbygg skal plassert utanfor omsynssona til den Trondhjemske postvei og på den opparbeidde grusplassen på eigedomen. Tiltaket er soleis ikkje i konflikt med postvegen, og vil heller ikkje verke skjemma på denne.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift